

Referat frå møte i Hall-styret, 14.12.2016

Desse møtte

Reidar Espelid, tekn.etat.

Kjartan Fjelde, UIL

Thor Erling Larsen, skulen

Forfall Espen Eide, kultur

Desse var invitert inn til pkt 1, 2, og 3

Claudia Saathoff, tenestetorget

Margunn Hauso, økonomiavd

1) Fakturering av depositum for brikker og nøklar.

Reidar leverte ei liste over alle utleverte nøklar/brikker.

Margunn sender ut faktura UIL samla, resten går til individuelle låntakarar.

2) Fakturering for leige av fleirbrukshall og skule.

Margunn lagar eit skjema slik det finst for andre kommunale bygg.

Skjemaet vert nytta når vaktmeister gjer klar utleigeavtalen, og vert levert til Margunn for fakturering. På skjemaet må leigetakar kvittera for avtalen og utlevering av nøklar.

3) Kalendar for ledig tid i hallen, på heimesida.

Claudia lagar ein kalendar for fredag kl 19.00 til søndag kl 17.00, for å vise ledige tider til drop-in-trening for trenarar og tilsette med brikke. I tillegg har tenestetorget to utlånsbrikker for dei som vil ta ein treningstur på ledig tid i hallen i helga. I tillegg har tenestetorget kalender for utleige på same måten som for Finse skule og Elvatun. Vaktmeister og tenestetorget samarbeider om utleigeorganiseringa.

Tenestetorget legg ut ein kort artikkel på heimesida om drop-in-trening.

4) Brukstal i hallen til no. Reidar leverte statistikk over antal som har brukt hallen dei 10 første vekene etter skuletid. Folkebadet har hatt 275 besøk, karate born 200, handball born 114, symjetrening 105, medan resten av dei 22 treningsgruppene har hatt besøk mellom 93 og 27 i løpet av dei 10 vekene. Godt besøk.

Det vert presisert at alle må registrera frammøtet i loggen som ligg i vestibylen.

5) Når skulen skal nytta hallen til sine arrangement er varslingstida minst 2

dagar. Idrettslaget må formidla internt til sine grupper. Fungerer greit. UIL må passa på at dei og bestiller rom til møte o.l.

6) Det er kome spørsmål om leigeprisen for sjølve hallen er rett. Heradsstyrevedtaket seier 5000,- pr døgn. Det gjeld inntil hst gjer nytt vedtak.

7) Presisering av tilfeldig bruk / drop-in-trening. Dette var i utgangspunktet tenkt som eit tilbud til trenarane/tilsette som jobbar med trening av andre og dermed får lite tid til eiga trening. Også andre kan nytta ledig tid, etter å ha lånt nøkkel på tenestetorget. Drop-in kan

varslast til tenestetorget innan fredag kl 14.00, slik at tal brukarar viser i kalendaren på heimesida. Det er ikkje tenkt som opning for tilfeldige arrangement. Arrangement i helg skal det alltid søkjast om på førehand.

Ein del ledig tid på dagtid onsdag.

8) Innkomen søknad om bruk av hallen i romjula. Fotballgruppa vil arrangera romjuls cup 29/12 og 30/12, begge dagar 13-15. Badminton vil nytta hallen 30/12 kl 13-15. Reidar kan avgjera slike søknader, og justera tider slik at flest mogeleg får den tida dei ynskjer. I dette høvet får fotballgruppa 29/12 13-15, 30/12 12-14, Badminton får 30/12 14-16. Låntakarane kan evt snakka saman og bli samde om noko anna, men vaktmeister må få melding i god tid.

9) Arrangement saman med trening. Viktig at vaktmeister får melding når trening blir endra til arrangement med publikum. Då kan han t.d. opna tribunen, setja ytterdør i ulåst posisjon så ein slepp bruka trenarkode, og setja fram nødvendig utstyr til reingjering.

10) Innkomne innspel om kaffiautomat mm. Frå ventande foreldre er det kome ynske om kaffiautomat og ein frivillig til å bemanna vestibylen, rydda mm. Hallstyret ber idrettslaget drøfta og evt løysa dette ut frå behovet dei har. Gjeld særleg mandag og tirsdag. Skohyller og meir golvmatter i vestibylen. Dette vert det jobba med, slik at der blir lettare å halda det reint og ryddig i samband med trening.

11) Om å gå inn i hallen. Hallstyret ber alle presisera at inngangen til hallen er via garderobane. Dette for å ha eit godt skille mellom skitten ute-sone i vestibylen (der ein set frå seg skitne sko), via skifte-sone i garderoben, til rein sone i gangen bak garderoben inn i hallen. Hoveddøra inn i hallen skal til vanleg ikkje nyttast som inn/ut-dør.

12) Skader i hallen dei første 10 vekene.

Det er knekt mange nøklar i boksen som styrer vegg midt i hallen. Til tross for at den skal henga i kjettingen og ikkje stå i låsen. Det vert jobba med å byta til ein brytar med trykkknappar og ikkje nøkkel.

Døra ut av hallen, på langveggen var ulåst etter trening ved fleire høve. Den er ikkje nødutgang, og vaktmeister skifta til nøkkelsylinder også på innsida. Då vart døra "opna" med panikkbeslaget og stor kraft, slik at låsekassen var sprengt/øydelt. Denne skaden vart diverre ikkje varsla.

Døra mellom hallen og vestibylen er og hardhendt behandla, slik at dørpumpa ved fleire høve er skada, uten at det er varsla. Her må trenarane ta tak og minna dei aktive om å bruka garderoben til ut og inngang. Og føre loggen nøyaktig.

Klisterperioden i handball vart kort. Det vart for mykje etterarbeid for reinhald.

Handballgruppa har respektert avgjerda.

Ein stol er øydelt.

Det er lite skomerker i hallen. Respekten for golvet er god. Innesko vert brukt, takk til trenarane som passar på dette.

Pass på å bruka døropnarane. Følg det som no er skrive på dørene, så unngår vi skader og reparasjonar.

13) Supplering av forbruksmateriell. Etterlyst isposar og bandasje/plaster. Hallstyret ber skulen og idrettslaget passa på å etterfylla når dei brukar av materiellet i medisinskapa i lagerrommet. Men alle er ansvarlege for sikkerheit og førstehjelp til sine treningar, medisinskapa er tenkt å vera reserve.

Småutstyr som ballar til bordtennis, badminton, tennis, evt racketar mm må ein supplera både frå skulen og idrettslaget. Kjøp inn og legg på lageret når det er behov. Kvar sin gong.

14) Lystavla i hallen. Fronta har hatt fjernkontrollen innelåst i Betel. Dei skal utlevere så snart dei er attende i Ulvik.

15) Rydding i materialrommet. Det blir rydda for dårleg. Skulen sin samlingsstyrar må snarast setja opp plakatar og plansjar som viser nøyaktig kor ting skal stå, elles fortset berre rotet. Rektor tek dette vidare.

16) Førstehjelpskurs. Idrettslaget vil undersøkje om det skal arrangerast førstehjelpskurs for trenarane, slik at beredskapen ved uhell og ulykker vert heva.

17) Telesignal wifi. Kommunen sin IKT-ansvarleg jobbar med ei løysing. Fasttelefon i vaktrommet i bassenget kan nyttast om mobilsignala er for svake.

Vara til hallstyret for idrettslaget er Kyrre Manger Kvåle.

Samlingsstyrar for gymutstyr på skulen er Silke Hein.

Kommunen må oppnemna ny representant for kultur når kultursjefen sluttar 1/1-17.

For hallstyret
Thor Erling Larsen
Leiar
40 007 153